

Godt oppmøte av ivrige prøveblåsarar.

04.04.2017



Ivrige og lydhøye, f.v. Nelly, Malene, Katrine, Signe Karine, Anna Simone, Angelica og Ebba.

Det ser ut som Uskedal skulemusikk er inne i ein god periode når det gjeld rekruttering til korpset. Dette året er 6 aspirantar elevar i kulturskulen, og då skulemusikken arrangerte prøveblåsing av instrument tysdag, møtte 7 interesserte opp, og dei var både spente, ivrige og flinke!



[Alle fekk prøva althorn som Nelly fekk god tone i her.](#)

Det var dirigent Tor Skeie Olsen saman med Ann Kristin Musland og Bente Hovden frå skulemusikkstyret som tok mot dei 7 som meir eller mindre bobla av spenning og iver. Då Tor spurde om kvifor dei hadde lyst til å byrja, fekk han svar som 'Det er gøy', 'Pappa har aldri lært å spela, så han håper at eg har lyst til å læra det' og 'Mange i klassen spelar'.

Høgdepunktet kom då dei ein etter ein fekk prøva å blåsa på instrument. Dei fekk prøva både på kornett og althorn. 'Bestefar speler trompet, og det har eg lyst til, men då må eg pusta med magen,' sa Ebba før ho sette an ein flott tone på kornetten. Så fulgte dei på rekke og rad, Nelly, Malene, Angelica, Signe Karine, Katrine og Anna Simone. Først på berre munnsttykket, og deretter på instrumenta. Alle fekk flott lyd i både althorn og kornett. Nokre likte kornetten best medan andre trivdest best på hornet. Kjekt får dei det uansett kva instrument dei vel, om dei lærer å spela.

Etter prøveblåsinga kosa dei seg med kjeks og saft, før dei skyldte munnen godt med vatn og gjekk laus på ein ny runde med speling.

Dersom det er nokon som ikkje var der i kveld, som har lyst å prøva instrument med tanke på instrumentopplæring, kan dei ta kontakt med Tor Skeie Olsen eller Bente Hovden så kan det avtalast tid. Søknadsfristen til kulturskulen er 15.april, og ein søker elektronisk med å klikka inn [HER](#).



Ebba og dei 6 andre fekk flott lyd i kornetten.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland